

Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF

Tid: 26.10.2011
Møtestad: Stord Hotell, Kjøtteinsvegen 67

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Toralv Mikkelsen	Leiar
Kjell Arvid Svendsen	Nestleiar
Else Berit Støle	Styremedlem
Gunnar Birkeland	Styremedlem
Pål Osjord Midbøe	Styremedlem
Anna Rød Nyland	Styremedlem
Lasse Malvin Lesto	Styremedlem
Tove Martha H. Callaghan	Styremedlem
Laila Thorsen	Styremedlem Til stades frå kl. 13.30 under behandling av sak 75.11 B
Hilde Christiansen	Styremedlem

Forfall frå styret

Inge Reidar Kallevåg	Styremedlem
----------------------	-------------

Deltakarar frå administrasjonen

Kari Ugland	Administrerande direktør
Olav Lystad	Senior controller
Ingebjørg Kismul	Fungerande administrasjonssjef

Sakliste:

Sak	72/11 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	73/11 B	Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF 07.10.2011	
Sak	74/11 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	75/11 B	Rapportering frå verksemda	Vedlagt
Sak	76/11 B	Drift og nøkkeltal som grunnlag for endring	Vedlagt
Sak	77/11 O	Forbetringsprogram klinikk for psykisk helsevern	Vedlagt
Sak	78/11 B	Plan for psykisk helsevern	Vedlagt
Sak	79/11 B	Risikovurdering 2. tertial	Vedlagt
Sak	80/11 O	Rapportering 2. tertial styringsdokument 2012	Vedlagt
Sak	81/11 O	Rekruttering, bemanning, kompetansebehov og vaktbelastning	Vedlagt
Sak	82/11 O	Opplæring av pasientar og pårørende i Helse Fonna	Vedlagt
Sak	83/11 O	Rapport frå internrevisjon av brannvern	Vedlagt
Sak	84/11	Eventuelt Skriv og meldingar	

72/11 B Godkjenning av innkalling og dagsorden for styremøte 26.10.2011

Vedtak (samrøystes):

Det vart meldt ei sak til eventuelt.

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

73/11 B Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF 07.10.2011

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 07.10.2011.

74/11 O Administrerande direktør si orientering

Oppsummering:

1. Brukarstyrte senger ved Karmøy DPS

Saka blei presentert av seksjonsleiar for Haugaland og Karmøy DPS, Kenneth Eikeseth.

Psykoeeininga ved Karmøy DPS starta torsdag 13. oktober opp med brukarstyrte plassar, eit nytt tilbud til pasientar med alvorlege sinnslidingar. Tilbodet er aktuelt for pasientar som ofte er innlagde, og målet er kortare innleggingsperiodar, redusert bruk av tvang og at pasienten skal oppleve betre kontroll og meistring av eigen sjukdom.

Oppretting av brukarstyrte plassar er skildra i styringsdokumentet for 2011, der det heiter at Helse Fonna skal "utvikle og prøve ut brukarstyrte plassar i alle DPS-a for pasientgrupper med langvarig og/eller tilbakevendande alvorlege psykiske lidningar".

2. Arbeid med samhandlingsreforma

Stortinget vedtok i juni 2011 lov om folkehelsearbeid og lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Disse lovene er sentrale element i gjennomføringa av samhandlingsreforma. Som oppfølging av dei nye lovene blei det utarbeidd fleire nye forskrifter som hadde høyringsfrist den 6. oktober 2011. Dei viktigaste av desse er ny forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar og ny forskrift om kommunal medfinansiering.

3. Plan for kirurgi i Helse Vest

I Helse2020 blei det foreslått å lage ein samla plan for kirurgi i Helse Vest. Det er eit mål å lage ein regional plan for kirurgi med basis i ei beskriving av no-situasjonen og forventa utviklingstrekk og overordna prinsipp og føringar for den vidare utviklinga av tenestetilbodet innan kirurgi i Helse Vest. Planen skal liggje til grunn for vidareutvikling av tilbodet innan kirurgi i regionen, og i det enkelte helseføretaket. Prosjektgruppa skal fremje forslag og gje råd om overordna prinsipp og føringar for utviklinga av tenestetilbodet innan kirurgi i eit regionalt perspektiv. Arbeidet er venta avslutta våren 2012, og ein ser føre seg at planen skal behandlast i styret i Helse Vest.

4. Orientering om tvistesak

Helse Fonna HF er part i ei tvistesak mot Fagforbundet. Saka er tillyst i Arbeidsretten.

5. Rekruttering av direktørar

Helse Fonna HF har utvida søknadsfristen til ledig stilling som klinikkdirektør innan kirurgi og klinikkdirektør for psykisk helsevern. I tillegg vil Helse Fonna HF i haust måtte rekruttere inn ny økonomidirektør.

6. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8 Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Administrerande direktør orienterte i tillegg om:

Tilsynssak ventetider og fristbrot – Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern, barne- og ungdomspsykiatri.

Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, datert 07.10.11 og brev frå Helsetilsynet til Helse Fonna HF, datert 20.10.11 blei delte ut i møtet.

Rapport om nasjonal internrevisjon av medisinsk kodepraksis.

Brev til Helse Fonna HF frå Helse Vest RHF, datert 20.10.2011 Rapport om nasjonal internrevisjon av medisinsk kodepraksis og rapport "Nasjonal revisjon av medisinsk kodepraksis i helseføretaka" blei delt ut i møtet.

Styret drøfta utfordringane knytte til tilsynssaka ved BUP. Styret viste til at det ville ha ei eiga sak med oversikt over tal på pasientar som har fått tilbod om behandling, tal på avslag, og tal på pasientar som har fått ny vurdering og status ventetid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

75/11 B Rapportering frå verksemda

Oppsummering:

Resultat i september månad viser eit underskot på 6,697 MNOK mot budsjett. Akkumulert; negative 27 297 MNOK mot budsjett. Prognosen syner eit negativt avvik på 20 378 MNOK i forhold til budsjett.

Somatikk:

Det er i september behandla færre inneliggjande pasientar enn budsjettet. Talet på polikliniske pasientar er omtrent som budsjettet.

Gjennomsnittleg ventetid for pasientar med rett til prioritert helsehjelp er i september på 63 dagar. Ventetida er kortare enn det nasjonale målkravet. Fristbrot innan somatikk er redusert frå totalt 454 i august mot 372 i september. Tabellen viser at talet på dagar pasientane ventar etter frist for behandling, er redusert.

Psykiatri:

Positiv utvikling innan ventetid for vaksne psykisk sjuke.

Gjennomsnittleg ventetid pr. september er 48 dagar for pasientar med rett til prioritert helsehjelp.

Det utgjør 78,4 % av dei ventande. Talet på liggjedøgn for vaksne er redusert. Det er eit stort negativt avvik i talet på polikliniske konsultasjonar i forhold til budsjett.

BUJ

Positiv nedgang i ventande og ventetid for prioriterte pasientar. Ulike tiltak er starta. For langtidsventande er det lang tid frå tilvising til behandling. Det er eit negativt avvik i talet på polikliniske konsultasjonar i september.

For rusområdet var det totalt 20 fristbrot i september, dvs. 29 % av alle som har rett til prioritert helsehjelp i september. Det er positivt at rusområdet sidan juni 2011 har hatt ein markant nedgang i nye fristbrot.

Epikrisetid: Ved utgangen av september var 69 % av epikrisane innan somatikk og psykiatri sende ut innan 7 dagar. Det har i september vore ein auke i talet på korridorpatientar.

Den totale sjukefråværsprosenten var i august 6,37 %, ein liten nedgang frå 6,78 % i juni månad.

Administrasjonen informerte om at resultatet innan somatikk er svakare enn varsla og skriv seg frå at ISF er lågare enn forventa. Den største utfordringa er dei store klinikkane, og er knytt til løysingsmodellar ved bruk av overtid og innleige. Resultat likviditet er innanfor kredittramma. Talet på fristbrot somatikk har positiv trend. For å avvikle fristbrot vil det bli utarbeidd ei tidslinje.

I klinikk for psykisk helsevern er det ei positiv utvikling innan ventetid for vaksne psykisk sjuke.

Gjennomsnittleg ventetid pr. september er 48 dagar for planlagd poliklinikk, dag- eller døgnbehandling. 78,4 % av pasientane som ventar, har rett til nødvendig helsehjelp.

Styret kommenterer:

Styret uttrykte uro knytt til føretaket sin faste kostnadsstruktur og auke i brutto årsverk og variable lønnskostnader sett i relasjon til lågare aktivitet. Det blei drøfta ulike modellar for ressursutnytting med målsetjing om å kunne vie kvalitet i pasientbehandlninga størst fokus frå 2012.

Helse Fonna HF oppnår ikkje målkravet om epikrisetid. Ulike tiltak blei drøfta, og styret skisserte ulike tiltak for å nå målkrav.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til etterretning.

76/11 B Drift og nøkkeltal som grunnlag for endring

Oppsummering:

Samdata gjev kvart år ein samla rapport om utviklingstrekk for spesialisthelsetenesta i Noreg. Rapporten gjev ei samla oversikt over sentrale nøkkeltal for psykisk helsevern, rusbehandling og somatisk spesialisthelseteneste. Rapporten samanliknar kor mykje helsetenester helseføretaka gjev for pengane, innbyggjarane sin tilgang til helseteneste og bruken av helsetenester i dei einskilde regionane.

Med grunn i negative tal for økonomi og kvalitetsindikatorar, ber styret i sak 68/11, Rapport frå verksemda, administrerande direktør leggje fram sak om nødvendige endringar som gjev forsvarleg økonomisk drift og rett kvalitet, og forslag som gjev varige resultat.

Administrerande direktør vil fremje forslag om ein handlingsplan som vurderer strukturelle organisatoriske endringar samt tek opp i seg løpande utvikling og effektivisering av drifta. I forkant for omstilling ser administrerande direktør det som nødvendig å utarbeide eit best mogleg vedtaksgrunnlag. Grunnlaget bør synleggjere alle viktige konsekvensar av vedtaka. I ein slik analyse vil formåls- og kostnadseffektivitet måtte balanserast mot mellom anna politiske føringar. Ein god analyse i forkant vil gjere det enklare å realisere gjennomføring og sikre varig effekt. Administrerande direktør vil i handlingsplan konkretisere mål og gjere analysar av alternative omstillingstiltak.

Som ein start på dette arbeidet vel administrerande direktør å trekkje fram sentrale nøkkeltal frå Samdata for å belyse kvar Helse Fonna HF ligg i forhold til landsgjennomsnittet og i forhold til andre føretak i regionen, og ved dette bidra til å sikre at fokus blir sett på dei rette forbetningsområda.

Styret peika på at tiltak i konklusjonen og data som er presenterte i saka, kan inkluderast og ha verdi i framtidige strategiar, og at kunnskap herifrå kan nyttast i planar for endring.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek saka til etterretning.
2. Styret ber administrerande direktør utarbeide handlingsplan med tiltak for område som synt i konklusjonen.

77/11 O Status forbetningsprogrammet i klinikk for psykisk helsevern

Oppsummering:

Forbetningsprogrammet hadde siste møtet i programstyret 19.09.11 og eit møte mellom leiarane i prosjektgruppene og leiarane i klinikk for psykisk helsevern 30.09.11. Det er utarbeidd ein sluttrapport som ligg ved saka. Rapporten summerer opp arbeidet og gjer greie for vidare arbeid og implementering av forbetningsprogrammet i organisasjonen. Sluttrapport frå forbetningsprogrammet i klinikk for psykisk helsevern blei presentert.

Styret roste medarbeidarane for godt arbeid i programmet og poengterte målet om å oppnå synergjar i heile føretaket.

Vedtak (samrøystes):

- 1) Styret tek saka til orientering.
- 2) Styret ønskjer ei rapportering av arbeidet som står att, og i gjennomgangen av saka ei framstilling av risikohandtering.

78/11 B Plan for psykisk helsevern

Oppsummering:

Styret for Helse Fonna handsama i sak 86/08 revisjon av føretaket sin strategiplan for åra 2009–2013. Revisjonen bygde m.a. på den regionale strategiplanen Helse2020. I føretaket sin reviderte plan vart det særleg peika på fire pasientgrupper som skulle ha eit særleg fokus:

- Psykisk sjuke og rusmiddelavhengige
- Spesialisthelsetenester for eldre
- Habilitering og rehabilitering
- Prehospitale tenester

Det store arbeidet med å utvikle ein heilskapleg plan for det somatiske helsetilbodet i Helse Fonna ("Plan somatikk") adresserte mange av dei utfordringane som knyter seg til dei nemnde pasientgruppene. Samstundes har det ikkje vore gjennomført eit liknande systematisk og heilskapleg planarbeid rundt vidareutvikling av tilbodet til psykisk sjuke og rusmiddelavhengige pasientar.

Behovet for no å setje fokus på eit meir langsiktig utviklingsarbeid knytt til det psykiatriske helsetilbodet vert også underbygt av føringar som ligg i både den nyleg reviderte utgåva av Helse2020, og ikkje minst av at Helse Vest RHF i styresak 074/11B godkjende ny regional plan for psykisk helse, Helseregion Vest, for åra 2011–2015.

Desse føringane er med på å gje støtte til Helse Fonna sitt eige ønske om å vidareutvikle tenestetilbodet til desse pasientgruppene på ein proaktiv og framtidretta måte. Eit slikt heilskapleg utviklingsarbeid er også eit logisk neste steg etter at det no i eitt års tid har vore arbeidd systematisk med å lukke dei avvika og svake punkta som har vore påpeika ved eksterne gjennomgangar av verksemda ved klinikk for psykisk helsevern.

Styret drøfta målsetjing, omfang og tidsperspektiv i presentert plan for psykisk helsevern.

Vedtak (samrøystes):

- 1) Plan for psykisk helsevern skal leggje grunnlaget for eit berekraftig tenestetilbod fram mot 2020.
- 2) Styret ber administrerande direktør setje i verk arbeidet med å utarbeide ein samla og heilskapleg plan for psykisk helsevern i Helse Fonna. Arbeidet skal også omfatte tilbodet for pasientar som er rusmiddelavhengige.
- 3) Planen skal seinast leggjast fram i styremøte juni 2012.
- 4) Styret føreset at regional plan for psykisk helsevern og det omfattande grunnlagsmaterialet som ligg føre gjennom forbetningsprogrammet, skal inkluderast på ein god måte.
- 5) Ein føreset god medverknad både internt og eksternt.

79/11 B Risikovurdering 2. tertial

Oppsummering:

Helse Fonna HF har gjennomført risikovurdering av felles overordna styringsmål for 2011 og vurdert eitt verksemdspesifikt mål for føretaket. Føretaket har i risikovurderinga si nytta mal for gjennomføring av overordna risikovurdering i Helse Vest med grunnlag i retningslinjer for risikostyring. Det er identifisert tiltak og tiltaksansvarleg for respektive tiltak til kvar av styringsvariablane, og kontrollaktivitet for å

kontrollere at krava vert oppfylte. Administrativt handsama rapport frå risikovurderingane for andre tertial vart send til Helse Vest RHF den 12.09.11. Etter den tid har risikovurderinga vore gjennomgått på nytt i føretaket. Nokre av risikoelementa har fått ei ny vurdering, og det er sett i verk tiltak for dei risikoelementa som framleis hamnar på raudt. Ved slutten av året skal det gjerast ei kort evaluering av no-situasjonen i forhold til dei kritiske suksessfaktorane, i tillegg til ei kort vurdering av tiltaka. Det skal og gjerast greie for arbeidet med risikostyring i årleg melding.

Helse Fonna har valt to verksemdsspesifikke styringsmål:

1 Forbetre fagleg standard i klinikk for psykisk helsevern gjennom eit eige program.

2 Helse Fonna skal levere eit rekneskapsmessig resultat i forhold til budsjett 2011.

Risikovurderinga etter no-situasjonen viser særleg risiko (raudt) for styringsmåla som omhandlar tilgang til spesialisthelsetenester – fristbrot (2a) og oppfølging/bruk av faglege retningslinjer (3b) samt det andre verksemdsspesifikke styringsmålet som omhandlar økonomi.

Styret ønskjer at risikovurderingar skal presenterast i form av ei overordna forenkla oppsummering med tiltak for risikoområde som er merkte raudt.

Vedtak (samrøystes):

1) Styret tek saka til orientering.

2) Styret ber om at ein til neste rapportering synleggjer tiltak for å redusere risiko for dei områda som har høg risiko (raudt).

80/11 O Rapportering 2. tertial styringsdokument 2012

Oppsummering:

Administrasjonen viste til utsend rapportering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporteringa til orientering.

81/11 O Rekruttering, bemanning, kompetansebehov og vaktbelastning

Oppsummering:

I styremøte 25.05.2011 sak 27/11 B Rapportering risikostyring 1. tertial 2011 bad styret om å få lagt fram plan for rekruttering. Vedtaket er knytt til styringsmål 2C 4. "Ein klarer ikkje å rekruttere og behalde tilstrekkeleg tal spesialistar".

Vidare blei det i styremøte 24.6.2011 under administrerande direktør si orientering bede om ei oversikt over bemanningsstatus, vaktbelastning og kompetansebehov knytt til rekruttering.

Helse Fonna har særlege rekrutteringsutfordringar knytt til legespesialistar innan radiologi, spesialistar innan psykiatrifeltet, gynekologi og urologi. Innan andre fagfelt er det særleg operasjonssjukepleiarar og psykologspesialistar som er rekrutteringssvake område.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

82/11 O Opplæring av pasientar og pårørnde i Helse Fonna

Oppsummering:

Dette er ei temasak frå styret sin årskalender.

Pasient- og pårørandeundervisning er ei av dei fire hovudoppgåvene til sjukehusa, jf. lov om spesialisthelseteneste. Helse Fonna var blant dei første og leiande med å byggje opp pasient- og pårørandeundervisning organisert i lærings- og meistringssenter.

Helse Fonna har pasient- og pårørandeundervisning på alle sjukehusa både innan psykiatri og somatikk. Eigne lærings- og meistringssenter (LMS) er etablerte ved Odda sjukehus, Haugesund sjukehus og Valen sjukehus. Det er også nært samarbeid mellom lærings- og meistringssentra i Helse-Fonna, via FOPP (forum for pasient- og pårørandeopplæring).

I 2011 er pasient- og pårørandeundervisninga innan somatikk omorganisert for å bli ein meir integrert del av pasientbehandlinga og tilpassa samhandlinga med kommunehelsetenesta gjennom samhandlingsreforma.

Samhandlingsreforma legg vekt på at pasientar innan dei store fagområda skal få tilbod om lærings- og meistringstilbod i kommunehelsetenesta i tida framover.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

83/11 B Rapport frå internrevisjon av brannvern

Oppsummering:

Helse Vest RHF gjennomførte i 2008 ein internrevisjon av alle føretaka i regionen, der formålet med revisjonen var å undersøkje om føretaka etterlevde brannvernlovgevinga og internkontrollforskrifta. Helse Fonna HF handsama revisjonsrapporten i sak nr. 87/08 og 26/09, og utarbeidd handlingsplan blei send til Helse Vest RHF den 15. mai 2009.

I februar 2011 orienterte Helse Vest RHF om at dei hadde sett i verk eit oppfølgingsprosjekt for å undersøkje om føretaka i regionen etterlever brannvernlovgevinga og internkontrollforskrifta, der målsetjingane for revisjonsprosjektet var som følgjer:

- Blir regelverket for brannvernområdet etterlevd i føretaka?
- I kva grad har føretaka tilstrekkeleg internkontroll på brannvernområdet?
- Korleis har føretaka følgd opp rapportane frå brannvernprosjektet i 2008?

Helse Fonna HF fekk endeleg revisjonsrapport frå Helse Vest RHF den 24. august 2011. Følgjande område har vore evaluerte/reviderte og er omhandla i rapporten:

1. Organisering av brannvernarbeidet
2. Internkontrollsystem
3. Opplæring og øving
4. Beredskap og evakuering
5. Tilsyn
6. Bygg, vedlikehald og utstyr

Vedtak (samrøystes):

- 1) Styret godkjenner framlagd handlingsplan for oppfølging og lukking av avvik knytt til internrevisjon av brannvern 2011.
- 2) Godkjend handlingsplan skal sendast til revisjonskomiteen og styret i Helse Vest RHF.

Lukka del

Sak 84/11 jf. offl. § 13, fvl. 13,3

Personalsak

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sende ut til styret:

- Tilleggsdokument til Styringsdokument 2011 Helse Fonna HF
- Revidert nasjonalbudsjett 2011 – meirkostnad pensjon
- Utgreiing av føretaksgrenser i Indre Hardanger

Følgjande skriv og meldingar var lagde på bordet i møtet:

- Brev datert 20.10.11 frå Helse Vest til Helse Fonna "Rapport om nasjonal internrevisjon av medisinsk kodepraksis"
- Rapport Internrevisjon i Helse Vest RHF "Nasjonal revisjon av medisinsk kodepraksis i helseføretaka" Helse Fonna HF
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland datert 07.10.2011 "Tilsynssak ventetider og fristbrot" – Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern, barne- og ungdomspsykiatri – purring på svar
- Brev frå Helse Fonna til Helsetilsynet "Tilsynssak ventetider og fristbrot" – Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern, barne- og ungdomspsykiatri

Ref. Ingebjørg Kismul

Toralv Mikkelsen
Styreleiar

Kjell Arvid Svendsen
Nestleiar

Inge Reidar Kallevåg

Laila Thorsen

Lasse Malvin Lesto

Hilde Christiansen

Gunnar Birkeland

Pål Osjord Midbøe

Anna Rød Nyland

Else Berit Støle

Tove Martha H. Callaghan
